

# Synsnedsetjing

For elevar med synsnedsetjing er det viktig med synspedagogisk tilrettelegging og målretta opplæring i viktige ferdigheiter, slik at dei kan få eit godt utbytte av skulekvardagen.

---

**ARTIKKEL** | SIST ENDRET: 06.07.2023

---

Elevar med synsnedsetjing følgjer læreplanen i alle fag, og skulen må tilpasse opplæringa slik at dei når måla i læreplanen.

Sterkt svaksynte og blinde elevar har i tillegg rett til opplæring i punktskrift, tekniske hjelpemiddel og mobilitet når dei har behov for det. Mange kan òg ha behov for målretta opplæring for å kunne meistre viktige aktivitetar i dagleglivet sjølvstendig.

## Kva er synsnedsetjing?

Når vi snakkar om elevar med synsnedsetjing, meiner vi elevar som er blinde eller svaksynte, eller som har hjernerelaterte synsvanskar. Synsvanskane kan vere medfødde, eller dei kan utvikle seg i løpet av livet.

Det er stor variasjon på behova i elevgruppa.

- Elevar som er blinde, må i hovudsak nytte seg av andre sansar enn synssansen i skulekvardagen.
- Elevar som er svaksynte, kan i varierende grad nytte synet, men er òg avhengige av informasjon frå dei andre sansane.
- Elevar med hjernerelaterte synsvanskar kan ha behov for støtte til å sortere, kjenne att, omarbeide og tolke visuell informasjon.

Det er ikkje snakk om synsnedsetjing dersom synet kan korrigerast med briller eller kontaktlinser og eleven det gjeld, ikkje har andre synsrelaterte utfordringar.

## Oppdage synsnedsetjing

Synsvanskar kan vise seg på ulike måtar og i mange ulike situasjonar. Viktige kjenneteikn kan vere at eleven

- har utfordringar med nærarbeid
- klagar over hovudverk eller smerter i eller rundt auga
- myser
- strevar med å lese tavla
- blir unormalt sliten
- er usikker når hen går i ulendt terreng og i trapper
- har utfordringar med å vurdere fart og avstand

For å finne ut om ein elev har synsvanskar, er det viktig å observere eleven i både fin- og grovmotoriske aktivitetar, strukturerte og frie situasjonar og aktivitetar der hen bruker synet på ulike avstandar.

Dei fleste barn får testa skarpsynet under fireårskontrollen på helsestasjonen, og på første trinn. Synsundersøkinga er veldig viktig, men avdekkjer ikkje alltid synsnedsetjing.

Synsvanskar kan oppstå eller utvikle seg i alle aldersgrupper. Dersom skulen mistenkjer at ein elev har synsnedsetjing, bør dei ta det opp med eleven og foreldra. Det er viktig å følgje opp mistankar om synsnedsetjing med observasjon og undersøking hos augelege eller optikar.

Synet til eleven bør undersøkjast

- dersom foreldra er bekymra for synet
- dersom det er mistanke om synsvanskar saman med andre vanskar
- dersom eleven strevar med å lese og skrive
- dersom eleven har utfordringar med merksemd og konsentrasjon

## Komplekse synsvanskar

Når synsvanskane er komplekse, kan det vere behov for ei tverrfagleg vurdering og utgreiing av synsfunksjonen. Det same gjeld dersom det er uklart om ein elev har synsnedsetjing eller ikkje. Eit tverrfagleg samarbeid mellom augelege, optikar, PPT, synspedagog og eventuelt andre instansar vil gi eit heilskapleg bilete av synsfunksjonen til eleven.

Ein synspedagog kan hjelpe PPT ved behov når det gjeld kartlegging av synsfunksjonen til eleven og tiltak i skulen. Samarbeid med føresette, skule og PPT vil alltid stå sentralt i kartleggingsarbeidet.

### **Les meir:**

[Utrede antatte eller påviste synsvansker \(Statped\)](#)

## **Rett til opplæring i kompensierende ferdigheiter**

Sterkt svaksynte og blinde har rett til opplæring i punktskrift, tekniske hjelpemidler og mobilitet, dersom dei har behov for det. Desse ferdigheitene blir omtalte som kompensierende ferdigheiter og er viktige for at elevane skal få eit godt utbytte av opplæringa.

Før skuleeigaren gjer enkeltvedtak om slik opplæring, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering.

Les meir: [Opplæring i punktskrift, tekniske hjelpemiddel og mobilitet](#)

## **Hjelp til sjølvstendig meistring av skulekvardagen**

Ein elev med synsnedsetjing kan ha behov for hjelp og opplæring for å kunne meistre skulekvardagen og daglegdagse gjeremål sjølvstendig. Dette blir omtalt som ADL-trening eller opplæring i sjølvstende.

ADL-trening handlar om ferdigheiter som å kunne kle på seg uteklede eller arbeidsmetodar i praktiske og estetiske fag. Målet er at eleven skal kunne meistre både skulekvardagen og daglegdagse gjeremål så sjølvstendig som mogleg.

ADL-trening kan reknast som opplæring når skulen er ansvarleg og tiltaket er ein del av den individuelle opplæringsplanen til eleven (IOP). Skuleeigaren må gjere enkeltvedtak om spesialundervisning.

- [Les mer: Veilederen spesialundervisning](#)

## Tilpasse opplæringa

Føresetnadene til elevane skal ikkje hindre dei i å nå kompetansemåla. Lærarane må derfor tilpasse arbeidsmåtar, ressursar, læringsaktivitetar og vurderingsformer ut frå dei føresetnadene elevane har. Også under prøver og eksamenar vil denne elevgruppa ha behov for tilrettelegging for å få vist kompetansen sin.

Les mer: [Tilpasse opplæringa for elevar med synsnedsetjing](#)

Les mer: [Leggje til rette prøver og eksamen for elevar med synsnedsetjing](#)

## Tilrettelagde læremiddel frå Statped

Skulen kan bestille eller laste ned [tilrettelagde læremiddel for elevar med synsvanskar frå Statped](#). Dette er læremiddel som blir tilpassa slik at elevane kan få eit godt læringsutbytte og moglegheit til å delta i opplæringa på lik linje med andre elevar.

Statped har tilrettelagde lærebøker i tre format:

- punktskriftbok / punktskrift på papir
- elektronisk bok (Word-dokument)
- lydbok med fulltekst

Å leggje til rette nye læremiddel tek lang tid, og det er derfor viktig at skulen set seg inn i fristane til Statped så tidleg som mogleg.



## Lær meir

Statped har nyttig informasjon og læringsressursar for elevar med synsnedsetjing.

### Les meir om

Opplæring i punktskrift, tekniske hjelpemidler og mobilitet

Tilpasse opplæringa for elevar med synsnedsetjing

Leggje til rette prøver og eksamenar for elevar med synsnedsetjing